

Sakshandsamar:

Lars Erik Lunde
E-post: lars.erik.lunde@sfj.no
Tlf.: 57638102

Vår ref.

Sak nr.: 15/8179-34
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

45328/17

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 30.11.2017

Notat

Frå: Fylkesrådmannen
Til: Fylkesutvalet, møte 4. desember

Krav om bygging av gang- og sykkelveg på strekninga fv. 60 Ugla - Skarstein

I brev datert 30.09.2017 vert det frå Advokatfirmaet Harris, på vegne av Kontaktutvalet for Olden og Oldedalen, gjort gjeldande at vedtaket i fylkestinget 10. april 2015 i sak 6/2015 - Fv. 60 Ugla-Skarstein er ugyldig grunna innhaldsmessige feil og grunna sakshandsamingsfeil.

I brevet vert det bedt om at vedtaket i saka vert omgjort og at det vert vedteke bygging av gang- og sykkelveg på strekninga. Som eit subsidiært alternativ til omgjering av vedtaket ber dei om at gang- og sykkelvegen vert teken inn i regional transportplan med snarleg gjennomføring.

Fylkeskommunen meinte i sitt (tidlegare) svarbrev, datert 20.10.2017, at det ikkje var grunnlag for å rekne vedtaket for ugyldig.

I brev datert 23.11.2017 (vedlegg 1) gjer Advokatfirmaet Harris merksam på at dei på vegne av partane ikkje delar fylkeskommunen sitt syn om at vedtaket er gyldig. Dei vil derfor vurdere å sende saka vidare til Sivilombodsmannen for vurdering.

I dette brevet er det stilt spørsmål om det er lagt til grunn korrekt faktum for forventa ÅDT i vedtaket av 10. april 2015.

I fylkesrådmannen si saksframstilling (FT-sak 6/2015) er forventa ÅDT greidd ut, og potensialet for gåande/syklende er også vurdert. Det er vurdert at framtidig trafikk på strekninga vil verte redusert som følgje av ny E39 med bru over Nordfjorden. Saksframstillinga viser at vegnormalen, ut i frå forventa framtidig ÅDT, ikkje set krav om gang- og sykkelveg på strekninga.

Saksframstillinga seier ikkje noko om vegen er skuleveg eller ikkje (men saksutgreiinga har rett nok kart som viser at eventuelle skuleborn ikkje har andre praktiske alternativ).

Fylkesrådmannen vil vurdere nærmare korleis denne saka skal følgjast opp.

Fylkesrådmannen vil vidare leggje fram eit notat til fylkesutvalet i januar 2018 med ei nærmare utgreiing om trafikksituasjonen for gåande og syklande på strekninga.

For ordnens skuld gjer fylkesrådmannen merksam på at Advokatfirmaet Harris, på vegne av Kontaktutvalet for Olden og Oldedalen, har bedt om at prosjektet vert vurdert i samband med Regional transportplan 2018-2027.